

**Notat**

Dato: 26.03.2019  
Arkivsak: 2018/16480-76  
Saksbehandlar: marsoh

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmann

---

**Høyrings svar - Eit eldrevennleg Bergen - Seniorplan for Bergen kommune 2019 - 2024**

Byrådet har sendt utkast til kommunens seniorplan 2019-2024 - «Et eldrevennlig Bergen» på høyring. Fylkeseldrerådet fekk høyringsbrev og høyringsutkast tilsendt på e-post 15.03.19. Høyringsfristen er 05.04.19.

På grunn av den korte høyringsfristen har det vore naudsynt å utarbeide og handsame fylkeseldrerådet sitt høyrings svar via e-post. Forslag til høyrings svar, utforma av arbeidsutvalet, vart sendt ut til alle rådsmedlemane på e-post. Alle rådsmedlemane fekk mogleiken til å kome med kommentarar og innspel til endringar. Det kom ingen motsegner på innhaldet i høyrings svaret.

Høyrings svaret ligg vedlagt til orientering, saman med høyringsbrevet og høyringsutkastet.